



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Christian Hagerup Reinshol

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 15/217256-3	Dykkar referanse:	Vår dato: 19.08.2016
------------------------------------	--	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Offentleg ettersyn av reguleringsplan – gnr. 24 bnr. 4 m.fl. – Jyddalen Fammestad i Lindås kommune

Vi viser til forslag til reguleringsplan for Jyddalen, gnr. 24 bnr. 4 m.fl. motteke 8.juli 2016.

Planforslaget legg til rette for bygging av 7 bustader med inntil 14 bueiningar. Bustadene skal ha tilkomst frå eksisterande avkjørsle, som må utbetraast til kryss i samsvar med handbok N100 Veg og gateutforming.


Trafikksikker skuleveg

Statens vegvesen er positiv til utvikling av bustadområder i nærleik til barneskuler, og legg vekt på at desse områda må ha trygg skuleveg slik at ein unngår trøng for skuleskyss. Vi viser i denne samanheng til uttale frå Hordaland fylkeskommune, datert 14.10.2015, der dei ber om at trygg skuleveg vert drøfta i planarbeidet. Etter vårt syn er tryggleiken langs skulevegen ikkje drøfta i tilstrekkeleg grad i plandokumenta, ein har berre omtalt kva trasé som er naturleg å gå.

Planområdet ligg under 2 kilometer frå nærmeste barneskule. Dei første 400 meter, fram til kryss med Reikeråsvegen, går skulevegen langs fv. 249 Mykingvegen. Strekningen har høgt fartsnivå, og etter vårt syn er det ikkje ønskjeleg å la skuleborna gå langs fylkesvegen. Av omsyn til trafikktryggleiken for skuleborna vil Statens vegvesen difor be om at det vert regulert gang- og sykkelveg frå avkjørsla til byggjefeltet og fram til Reikeråsvegen. Det bør òg settast rekkefølgjekrav om at gang- og sykkelvegen skal vere bygd før det vert gitt løyve til igangsetting av bustadbygging.

Endring av siktsone

Frisikt i kryssområdet er i hovedsak ivaretak i planarbeidet. På grunn av kurvatur på hovedvegen, må frisiktsona utvidast nord for krysset, slik at den har sikt til hele vegstrekket innanfor 132 meter. Vi ber om at denne frisiktsona vert utvida som skissert under, for å ivareta tryggleiken i avkjørsla.



Teknisk teikning – lengdeprofil sekundærveg

I saksdokumentene er det vist lengdeprofil for sekundærvegen. Vi vil påpeke at sekundærvegen skal ha fall fra vegkant, for å unngå avrenning inn i vegbanen, jf. håndbok N100, kap. E.1.1.1 Linjeføring, figur E.3. Vi ber om at dette rettes.

Plan og forvaltning – Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN